



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Vår ref:  
2020/840-30

Sakshandsamar:  
Ida Larsen Reinsviki  
Ida.Larsen.Reinsviki@bykle.kommune.no

Dato:  
01.07.2022

### Varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram - områderegulering for Hegni

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-8 blir det varslet oppstart av områderegulering for Hegni, med planID 202105. Samstundes blir planprogram sendt på høring og lagt ut til offentlig ettersyn. Det er vurdert at det ikke er behov for konsekvensutgreiing, men at planarbeidet vil ha stor interesse hos lokalbefolkninga og besøkjande, samt at det er store kultur- og fritidsinteresse på Hegni, og difor er det utarbeidd planprogram som blir sendt ut med varsel om oppstart av planarbeid. Konsekvensar av planforslaget vil bli vurdert grundig i prosessen.

Planområdet omfattar eit 148 daa stort område på Hegni. I kommuneplanens arealdel er det krav om felles planlegging for dette arealet. Hovuddelen av området ligg på vestsida av rv9. Det er òg teken med eit lite areal på austsida av riksvegen.

I kommuneplanens arealdel er store delar av arealet sett av til grønstruktur, samt noko offentlig eller privat tenesteyting, fritids- og turistformål, forretningar og næring.

Planen skal føre til tiltak innanfor planområdet som støtter opp om kommunens overordna målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Det er utarbeidd konkrete mål for planarbeidet som kjem fram i planprogrammet. Planen skal bli utarbeidd av kommunen sjølv.

Store delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Ein liten del av arealet som ligg på austsida av riksvegen ligg innanfor aktsemdsområde for snøskred. Dette må vurderast nærare under arbeidet med planforslaget.

Merknader til planarbeidet kan sendast til [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no) eller Bykle kommune, sarvsvegen 14, 4754 Bykle, **innan 11.09.2022**. Det blir halde ope møte på Hovden grendehus **torsdag 01.09.2022 kl. 18.00**.


Med helsing  
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå  
Plansjef

Ida Larsen Reinsviki  
rådgjevar kart og planfag

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.


Vedlegg  
1 plangrense  
2 20220629\_Planprogram Hegni



# HEGNI – REGULERING

PLANPROGRAM – 29.06.2022

---



## FORORD

Dette er forslag til planprogram for arbeidet med reguleringsplan for Hegni i Bykle kommune. Hegni er eit etablert friluftsområde med strandsone mot Harte vann som har bade plass, leikeplass og turstiar. Området inneheld og midlertidig bobilparkering, serveringsstad, museum, parkeringsplassar, brannstasjon og gammelt reinseanlegget. I samband med arbeidet med kommuneplanens arealdel blei det vedteke at det skal leggest til rette for ein brei medverknadsprosess for framtidig arealbruk i området, og at det skulle utarbeidast ein områdereguleringsplan. Som eit forarbeid for planarbeidet blei det utarbeidd eit moglegheitsstudie for Hegni våren 2021.

Føreliggande dokument er et forslag til planprogram. Planprogrammet er første ledd i utarbeidinga av reguleringa for Hegni, og samstundes ledd i varsling av planoppstart.

Føremålet med planprogrammet er å omtale:

- Bakgrunnen og føremålet med planarbeidet.
- Planprosessen og medverkningsmoglegheiter.
- Omfanget av planarbeidet med relevante utgreiingstema.

Undervegs i planprosessen tas det sikte på god informasjonsformidling og medverking frå offentlege instansar, relevante interesseorganisasjonar og aktørar i området.

Kontaktpersonar i samband med planarbeidet er:

Anne S. Lislevand, [anne.lislevand@bykle.kommune.no](mailto:anne.lislevand@bykle.kommune.no)

*Signe Sollien Haugå*  
Plansjef, Bykle kommune  
Bykle, 29.06.2022

## INNHOLDSFORTEGNELSE

Forord .....	2
1. Innledning .....	4
1.1. Bakgrunn for planarbeidet.....	4
1.2. Mål for planarbeidet.....	4
1.3. Planprogram og konsekvensutgreiingsplikt.....	5
1.4. Plantype .....	5
2. Planområdet.....	5
2.1. Planavgrensing .....	5
2.2. Beskrivelse av dagens situasjon i planområdet.....	6
3. Sentrale problemstillinger i planarbeidet.....	7
4. Rammer og premisser .....	8
4.1. Overordna føringar og planar .....	8
4.2. Reguleringsplanar .....	10
4.3. Andre aktuelle kommunale føringar .....	10
5. Alternativ som skal utgreiast .....	10
6. Forslag til utredninger i forhold til miljø og samfunn.....	11
6.1. Utgreiingstema og metode .....	11
7. Planprosessen .....	12
7.1. Framdriftsplan .....	12
7.2. Informasjon og medverking (Pbl kapittel 5) .....	13

## 1. INNLEDNING

### 1.1. Bakgrunn for planarbeidet

I samband med handsaminga av kommuneplanens arealdel i 2019 vart det peikt på at Hegni-området treng ei vidare utvikling med omsyn til aktivitetar og attraksjon. Området er særst verdifullt, og mange har meiningar om kva som bør skje vidare i området.

Det blei difor satt i gong eit arbeid med moglegheitsstudie for Hegni vinteren 2021. Trollvegg Arkitektstudio og Prosjekthuset fekk oppdraget med utarbeiding av moglegheitsstudie, som og inkluderte medverkingsarbeid. Eit moglegheitsstudie blei levert til kommunen juni 2021 og kan lesast her: [Rapport - Moglegheitstudie Hegni - Bykle kommune](#)

Som ein oppfølging av kommuneplanen og planstrategien for Bykle settast det no i gong eit arbeid med ein formell reguleringsplan etter plan – og bygningslova, for å avklare arealbruken i området for framtida.

### 1.2. Mål for planarbeidet

Planen skal føre til tiltak innanfor planområdet som støtter opp om kommunens overordna målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.

Dei overordna måla for prosjektet er å lage ein plan som legg til rette for:

<b>Destinasjonsutvikling</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>- Funksjon som portal til Hovden</li><li>- Heilårsaktivitetar</li><li>- Berekraftige løysingar</li><li>- Ein møteplass for alle med hovudvekt på aktivitet og rekreasjon</li><li>- Rammer for arrangement i området</li></ul>
<b>Friluft-, natur- og kulturinteresse</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>- Ta vare på friluft-, natur- og kulturkvaliteter</li><li>- Legge til rette for alle</li><li>- Ivareta barn- og unges interesser</li></ul>
<b>Nærings- og anna verksemd</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>- Avklart arealbruk når det gjeld formål og omfang av næringsverksemd. Tydeleg avgrensing mellom næring og andre formål</li><li>- Avklare rammar for brannvesenet</li><li>- Avklare rammer og behov for museet</li></ul>
<b>Teknisk infrastruktur</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>- Avklare arealbehov for teknisk infrastruktur</li><li>- Synleggjere muleg bruk av det nedlagte rensanlegget</li></ul>
<b>Samferdsel</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>- Avklare tal på avkøyningar</li><li>- Rammar og reglar for parkering – type og omfang</li><li>- Rammar og reglar for bobilparkering - omfang</li></ul>

For å oppnå målsettingane med planen, skal det i planprosessen jobbast med følgande konkrete tiltak:

- ✓ Brei medverknad med referansegruppe/andre aktørar og opne møter/kontordagar
- ✓ Klargjere konkrete offentlege behov i området – reinseanlegg, pumpestasjon, brannstasjon, museet m.m.

### 1.3. Planprogram og konsekvensutgreiingsplikt

Lovverket stiller krav om konsekvensutredning (KU) ved utarbeiding av reguleringsplanar av ein viss størrelse, kostnad eller formål. Hensikta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir vurdert i planprosessen. Denne planen utløyer ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrifta, og det er dermed heller ikkje krav om planprogram.

Eit planprogram er ein plan for korleis reguleringsplanen skal lagast, kva som skal utgreiast og korleis prosessen skal leggast opp.

Dette er ein plan det vil vere stor interesse for blant befolkninga, og kommunen har difor valt å utarbeida eit program for planarbeidet, sjølv om det ikkje er eit formelt krav. Dette for at alle interesserte skal vere så godt informert som mogleg om opplegget for det arbeidet som skal gjennomførast. Det gjennomførast ikkje formell konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiingar, men konsekvensar av planforslag skal uansett alltid utgreiast og omtalast i planforslag.

### 1.4. Plantype

Det er fastsett at reguleringsplanen blir ein områderegulering i tråd med kommunens planstrategi. Det avklarast undervegs kva krav det skal vere for detaljregulering innanfor enkelte felt når ein ser kva oppfølging som er naudsynt.

## 2. PLANOMRÅDET

### 2.1. Planavgrensing

Det er satt av eit areal med krav om felles planlegging i kommuneplanen, og dette nyttast som planavgrensing for reguleringsplan for Hegni. Arealet på området er på 148 579,7 m<sup>2</sup>.




Fig. nr 1. Planavgrensing

## **2.2. Beskrivelse av dagens situasjon i planområdet**

Hegni er i dag et svært viktig tur- og opphaldsområde for befolkning og besøkande. Det ligg ved utløpet av Otra i Hartevatn, og det er tilrettelagt badeplass og småbåthamn. Det er etablert parkering, og deler av denne er no avsett for bular.

Nordøst i området, langs vegen ligg brannstasjonen, og kommunens nedlagte reinseanlegg. Reinseanlegget blir i dag brukt som lager. Hovudpumpestasjon for heile Hovden ligg i området, og det er naudsynt med utviding av denne på sikt. Det vil sommaren 2022 leggast ein pumpeleidning i området.

Nede ved vatnet ligg det eit servicebygg. Delar av arealet ved vatnet er i dag leigd ut til «The Village», som serverer mat og held arrangement i ein geodm. Dei driv og bularparkeringa om sommaren.

Omtrent midt i området ligg eit museumsbygg. Det er fleire turstiar på kryss og tvers i området, og like nordøst for badeplassen er det etablert ein utetreningspark med treningsapparat. Ein gangveg går nordover gjennom området og heilt opp til sentrum.

Området er ikkje tilrettelagd for aktivitet om vinteren.

Det er ein tilkomst frå riksveg 9 til alle funksjonar i området.

### 3. SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR I PLANARBEIDET

<b>Tema</b>	<b>Problemstillingar</b>
<b>Destinasjonsutvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Berekraftig utvikling</li><li>- Moglegheiter for aktivitetar heile året – heilårsaktivitet</li></ul>
<b>Friluftsliv og naturkvalitetar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Sikre tilgang for alle</li><li>- Tilrettelegging</li><li>- Avklaring av ev. konflikhtar</li><li>- Funksjoner: toalett/garderobe o.l.</li></ul>
<b>Kulturminne</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Avklare ivaretaking av minne</li><li>- Forvaltning og formidling</li><li>- Ev. konflikhtar</li></ul>
<b>Næringsetablering</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Moglegheiter og utfordringar</li><li>- Omfang og type</li></ul>
<b>Trafikkavvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Tilgang for mjuke trafikantar</li><li>- Avkøyring; utrykking m.m.</li><li>- Parkering, el-lading, el-sykler m.m.</li></ul>
<b>Bobil/Camping</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Omfang og type</li><li>- Avklaring av ev. konflikhtar</li></ul>
<b>Forhold til eksisterande aktørar</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Museet</li><li>- Næringsdrift</li><li>- Kiosk/utleige</li><li>- Aktivitetar</li></ul>
<b>Visuelle verknader</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Utforming av bygg og tiltak</li><li>- Landskapsomsyn</li><li>- Portalen til Hovden</li></ul>
<b>Kommunalteknikk</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Utviding av pumpestasjon, pumpeleidning m.m.</li></ul>
<b>Støy</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Næringsverksemd/arrangement</li></ul>
<b>Sjø og vassdrag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Båtplassar</li><li>- Sjøfly</li></ul>

## 4. RAMMER OG PREMISER

### 4.1. Overordna føringar og planar

#### Rikspolitiske planretningslinjer og føringar som er særleg relevante for planarbeidet:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019)
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995)
- Om barn og planlegging, rundskriv T-2/08
- T-1442 Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (2021)

#### Aktuelle lover:

- Plan- og bygningslova
- Naturmangfaldslova (§§ 8-12)
- Folkehelseslova (§ 4)
- Kulturminnelova
- Veglova

#### Regionale planer og føringar

- Regionplan Agder 2030, «Attraktiv, samskapende og bærekraftig». Planen har fem hovudsatsingsområde:
  - o Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter
  - o Verdiskaping og bærekraft
  - o Utdanning og kompetanse
  - o Transport og kommunikasjon
  - o Kultur

#### Kommuneplanen

Kommuneplanen for Bykle har to delar; Samfunnsdel – 2016-2026, vedtatt 27.09.2017 og Arealdel – 2018-203, vedtatt 28.02.2019. Sti- og løypeplanen er ein del av arealdelen.

Eit hovudmål for Bykle er: *Bykle kommune skal ha eit langsiktig perspektiv på utvikling og forvaltning av kommunen sine ressursar.*

Samfunnsdelen og arealdelen har sett opp ein rekke delmål og arealstrategiar. Nedanfor er dei viktigaste for denne planen plukka ut:

#### Delmål:

- Forvalte naturverdiar og kulturlandskap i eit langsiktig perspektiv.
- Legge til rette for nye arbeidsplassar, særleg i privat sektor.
- Vere opne for mangfald og satse på likestilling.
- Vidareutvikle tur-veg nettet.
- Vidareutvikle betre samlingsplassar for ungdom.
- Stø oppunder familiane med tanke på ein god oppvekst for alle.
- Utvikle møteplassar der fleire generasjonar kan samlast.
- Arbeide målretta for å utjamne sosiale helseskilnader.
- Legge til rette for livslang læring.
- Open og ærleg kommunikasjon innad og utad i kommunen.
- Stimulere til politisk engasjement og ein levande samfunnsdebatt.

#### Arealstrategiar:

- Universell utforming.
- Uformelle møteplassar.

- Ta vare på og utvikle det gode kulturtilbudet.
- Arbeide for å vidareutvikle anlegg for idrett, kultur og friluftsliv.
- Spele på historia vår og det som er særmerkt for Bykle.
- Satse på kulturtilbod som engasjerer kropp og sjel.

I kommuneplanens arealdel er store delar av området avsett til grønstruktur. Det er i tillegg avsett areal til tenesteyting, fritids- og turistformål, næringsverksemd og forretning. Planområdet er omfatta av ei gjennomføringszone med krav om felles planlegging. Delar av området er og omfatta av flaumsone, samt at det er lagt inn turveg gjennom området.




Fig. nr 2 Utsnitt frå kommuneplanen

## 4.2. Reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan for området er Hovden del 2, vedtatt 10.09.1997. Store delar av området er regulert til offentlig friområde. Det er og avsett areal til kommunalteknisk verksemd og køyreveg.



Fig. nr 3, Gjeldande reguleringsstatus.

## 4.3. Andre aktuelle kommunale føringar

- Vedtatt Vegnormal
- Strategisk næringsplan er under arbeid og vil truleg bli handsama like etter sommarferien 2022.
- Vedtatt Kulturminneplan

## 5. ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST

Det kan bli aktuelt å legge fram fleire alternativ til arealbruk i området. Dette vil bli avklart i prosessen.

## 6. FORSLAG TIL UTREDNINGER I FORHOLD TIL MILJØ OG SAMFUNN

### 6.1. Utgreiingstema og metode

I oversikten under er dei fagfelt og tema som skal vurderast/utgreiast lista opp.

TEMA som skal utgreiast i planarbeidet		
Tema	Kva skal utgreiinga innehalde?	Eksisterande dokumentasjon
Kulturminne ( Arkeologi )	<ul style="list-style-type: none"><li>- Arkeologisk undersundersøking for å kartlegge ukjente kulturminne (fylkesarkeolog).</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Askeladden.no</li><li>- Naudsynt kartlegging avklarast med regional mynde.</li></ul>
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"><li>- På land og strandsone/vatn</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kjend kunnskap i Naturbase</li><li>- Eigne kartlegging</li></ul>
Barn- og unges interesser	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kartlegge barn og unges bruk av området i dag – kva som er bra og kva som kan forbedrast</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Moglegheitsstudie</li><li>- Arbeidsmøte</li></ul>
Stadutvikling –	<ul style="list-style-type: none"><li>- funksjonsdeling – samanheng med Hovden sentrum</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Moglegheitsstudie</li><li>- Arbeidsmøte</li></ul>
Estetikk	<ul style="list-style-type: none"><li>- visuelle verknader – volum, høgde og utnyttingsgrad framtidige bygg</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Moglegheitsstudie</li></ul>
(Sosial) berekraft og universell tilrettelegging	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kva slag møteplassar skal Hegni tilby?</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Moglegheitsstudie</li><li>- Arbeidsmøte</li></ul>
Næringsbehov	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kva slags næring egner Hegni seg for?</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Moglegheitsstudie</li><li>- Arbeidsmøte</li></ul>

## 7. PLANPROSESSEN

### 7.1. Framdriftsplan




Fig. nr 4 Framdriftsplan

## 7.2. Informasjon og medverking (Pbl kapittel 5)

I tråd til krav i plan- bygningslovens kapittel 5, vil det bli lagt opp til medverknad i løpet av planprosessen. For å løyse utfordringane i området på ein konstruktiv måte, og for å vidareføre potensiala i planområdet, er det viktig å sikre en god informasjonsformidling og dialog med bebuarforeiningar, næringsliv, relevante interesseorganisasjonar og andre aktørar i området.

Planarbeidet skal sikre medverking frå ulike aktørgrupper gjennom følgjande aktivitetar:

### Dialog med lokale interesseorganisasjonar og bebuarar m.fl:

- Opent møte i samband med varsel om oppstart blir torsdag 1. september 18.00 på Hovden grendehus.
- Etablering av ei referansegruppe som følger planarbeidet

### Dialog og koordinering med offentleg instansar:

- Behandling i regionalt planforum

### Høyring, offentleg ettersyn og informasjon (jf. pbl kapittel 5):

- Opent møte i samband med offentleg ettersyn og høyring av planforslaget.

### Referansegruppe – ein representant frå kvar foreining/organisasjon:

- Næringsforeining Hovden
- Destinasjonsselskapet
- Bebuarvelforeiningar – ein representant på vegne av alle tre foreiningar
- Leiar av ungdomsrådet
- Ressursgruppe for velforeining for hytter
- Fylkeskommunen
- Barn- og unges representant i plansaker
- Setesdalsmuseet
- Setesdal Brannvesen IKS

Referansegruppa skal støtte den administrative prosjektgruppa med informasjon, innspel og synspunkt undervegs i prosessen.